

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for areal og samferdsle	15.11.2023

Prinsippsøknad for å melda oppstart av reguleringsplan for Postmoltanlegg på 68/7 mfl. Skålevik Planid. 202007

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Detaljregulering for postmoltanlegg 68/7 mfl. Skålevik Planid. 202007 får melda oppstart av planarbeid i samsvar med plan. Og bygningslova § 12-8.
2. Framlegg til planprogram for konsekvensutgreiing av reguleringsplanen for utviding av postsmoltanlegg Skålevik med planid 202007 vert utlagt til offentleg gjennomsyn slik det føreligg

Samandrag av saka:

Planforslaget er laget av Multiconsult AS, og gjeld for Skålevik. I planen regulerer ein et eksisterande anlegg i det aktuelle område, og planen legg opp til å oppgradera og utvide dette. Utviding av anlegget legg til rette for at ein kan produsere meir og større fisk på land. Selskapet vil søkja årleg konsesjon for 15 000 tonn post-smolt med ei snittvekt på 1,5-2,0 kg. Det noverande anlegget produserer omtrent 1 million smolt med ei gjennomsnittsvekt på 120 gram.

Det noverande oppdrettsanlegget i Skålevik bruker utandørs fiskekar med delvis opne strukturar og vasstraumdrag. Moderne oppdrettsanlegg blir bygd i innandørs hallar av produksjonstekniske grunnar, noko som også reduserer forstyrningar for lokalmiljøet. Bygningsstrukturen vil sannsynlegvis bli delt opp i fleire bygningsdelar, mellom anna av smittehygieniske omsyn.

Bakgrunn for saka:

Søknad om oppstart av planarbeid gjeld for Postmoltanlegg i Skålevik.




Utskrift fra Norkart AS kartklient

Dato: 30.10.2023

Målestokk: 1:50000

Koordinatsystem: UTM 32N




Figur 1 Oversiktskart over Skålevik på Goddo

Saksutgreiing:

Planområdet

Planområdet ligg mot Kassosen og inkluderer eksisterande setjefiskanlegg, landbruksareal, fritidsbustader, einebustader, naust, og skog/utmark. Det er ingen eksisterande reguleringsplanar i området, den næraste eksisterande reguleringsplanen er knytt til Goddovegen i aust. Kommuneplanen for Bømlo (2013-2025) viser at dei områda som blir omfatta av varslingsrensa har følgjande arealformål: LNFR-spreidde bustader, reint LNFR- føremål, naustføremål, fritidsbusetnad, og næringsbygningar (setjefiskanlegg/fiskeoppdrett).

Sjøområda i planområdet er regulerte for noverande akvakultur (AK) og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, samt naustføremål. Området utgjer ca 105 daa i storleik og omfattar heile eller delar av gnr/ bnr 68/1, 2, 3, 4-5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 3, 4, 6, 9 og 10. Sjølve området inkluderer ein felles vegtkjørsel og er prega av mykje berg og knausar, området ligger langs Katlavegen på Goddo og er cirka 9 kilometer i luftlinje nordvest for Svortland sentrum og omtrent 100 meter i Luftlinje frå næraste busstopp, Skålevik busstopp.



Figur 2: Planområdet frå gjeldande kommuneplan

Eksisterande bebyggelse

Det er i dag eit eksisterande postmoltanlegg i det aktuelle området, det er ein felles køyreveg frå det eksisterande postmoltanlegget opp til hovudvegen der busstoppa er. Det er og ein del LNFR-sprette bustader i planområdet, dei eigedomane har Bremnes Seashore AS kjøpt. Den planlagde utbygginga vil hovudsakleg skje på eigedommane som akkurat no tilhøyrer Bremnes Seashore, gnr/bnr. 68/1, 2,3 4-5, 6, 7, 8, 9 og 69/4.



Figur 3: Planområdet, kjelde: Eit 3-D Kartutsnitt frå kommunekart

Planstatus

Planområdet er i all hovudsak ikkje regulert i frå før, nærmaste reguleringsplan er knytt til Fv. 5004 – Goddovegen i aust.

Vurderingar:

Multiconsult søkjer på vegne av forslagstillar Bremnes Seashore AS. Om løyve til å starta opp ny detaljregulering på 68/7 mfl. Eigedomane ligger i Skålevik på Goddo. Planen er ikkje regulert frå før, men planen vert vedteke i kommunestyret 21.06.2021. Oppstartsvarsel og planprogram var på høyring i perioden 5. februar til 24. mars 2021.

Planarbeidet har sidan 2021 stått på vent i påvente av utkjøp av eigedom 68/2. Utkjøp er no i orden og Bremnes Seashore ynskjer ta denne eigedomen med innanfor plan. På bakgrunn av utviding av område vert det laga revidert planprogram til planen.

I planen regulerer ein et eksisterande anlegg i det aktuelle område, og planen legg opp til å oppgradera og utvide dette. Utviding av anlegget legg til rette for at ein kan produsere meir og større fisk på land. Selskapet vil søkja årleg konsesjon for 15 000 tonn post-smolt med ei snittvekt på 1,5-2,0 kg. Det noverande anlegget produserer omtrent 1 million smolt med ei gjennomsnittsvekt på 120 gram.

Tiltaket vil bidra til ein auke i verdiskaping i Bømlo kommune. Dagens anlegg har 3 fasta arbeidsplassar, og ein går ut i frå at eit ferdig utbygd anlegg med produksjon på 15 000 tonn post-smolt per år kan ha behov for 15-20 fasta tilsetja, kanskje enno fleire. Ei utbygging vil medføra store investeringar med høg aktivitet i ein bygge- og anleggsfase. Når nytt anlegg kjem i drift vil dette av erfaring medføra positive ringverknadar

for service- og tenesteytande næringsverksemdar lokalt. Etter kommunedirektøren si vurdering vil ein utbygging av eit eksisterande postmoltanlegg vere ei positiv utbygging for Goddo.

Heile planområdet ligg innanfor 100-meters beltet til sjø, med byggjeforbod stadfesta i plan- og bygningslova § 1-8. Sidan det ikkje er sett byggjegrense til sjø gjeld byggjeforbodet for heile området sjølv om det er sett av til naust, næring, LNF og LNF-spreitt i kommuneplanen sin arealdel. Det må derfor gjerast ein kartlegging og vurdering av strandsoneverdiene i området, med særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser som fri ferdsel. Strandsonevurderinga skal leggjast til grunn for bruken av området, og det må visast korleis arealbruken er tilpassa, og tek vare på strandsoneverdiene i området.

Konsekvensutgreiing (KU)

KU-forskrifta angir krav til konsekvensutgreiingar i §§6 og 8.

- §6 omfattar tiltak som alltid skal ha konsekvensutgreiing.

- §8 omfattar tiltak som skal ha konsekvensutgreiing dersom de kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, jf. §10.

For dette planarbeidet er det *forskrift om konsekvensutredningar* § 6, bokstav b som vert gjeldande, kor det vert stilt krav om konsekvensutgreiing for tiltak som er skildra i vedlegg I til forskrifta. § 6, bokstav b, opnar for unntak frå konsekvensutgreiing dersom det konkrete tiltaket tidlegare har vore konsekvensutgreidd i annan plan, som t.d. overordna plan, men dette tiltaket har ikkje tidlegare vore utgreidd. Under forskrifta sitt vedlegg I er det punkt nummer 24 som utløyser krav til konsekvensutgreiing, då det er venta at tiltaket vil medføre næringsbygg med meir enn 15000 m² samla bruksareal.

Med bakgrunn av dette konkluderast det med at det er krav om KU og planprogram.

Med desse vurderingar og krav lagt til grunn finn kommunedirektøren å tilrå opstart av planarbeidet og høyring av planprogram.

FN sine berekraftsmål:



3 God Helse og livskvalitet

Jobb og arbeid er bra for helse og livskvaliteten.

6 Rent vatn og gode sanitæreforhold

Reint vatn med god kvalitet bidreg til å halda oppe god helse og trivsel blant fisken.

8 Anstendig arbeid og økonomisk vekst

Tiltaket vil bidra til ei auke i verdiskaping i kommunen. Dagens anlegg har 3 faste arbeidsplassar, og ein går ut i frå at eit ferdig utbygd anlegg med produksjon på 15 000 tonn post-smolt per år vil kunne ha behov for 15-20 faste tilsette, kanskje enno fleire.

9 Industri, innovasjon og infrastruktur

Vidare utvikle dagens fiskeindustri.

11 Berekraftige byar og lokalsamfunn

Etablering av fleire arbeidsplassar vil vere bra for det lokale næringslivet ute på Goddo.

14 Livet i havet

Utbygging av område til sjø kan påverka livet i havet. Det er derfor viktig å taka omsyn til livet som finst i vatnet og på havbunnen.

15 Livet på land

Utbygging påverkar livet på land. Det er derfor viktig at utbygginga viser omsyn til naturmiljøet for å bøta på negative effekter i størst mogleg grad.

Økonomiske konsekvensar:

Utbyggjar skal dekke alle kostnadane med reguleringsplanen.

Miljømessige konsekvensar:

Planen vil sannsynlegvis medføra terrenginngrep i strandsona. Planframlegget må gjera greie for kva miljømessige konsekvensar utbygginga vil ha, og gjera greie for korleis inngrep er forsøkt unngått.

Beredskap og samfunnstryggleik:

Som ein del av arbeidet med detaljreguleringsplanen skal det gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse som del av eller vedlegg til planomtalen. Den må vera i samsvar med Bømlø kommune sine gjeldande akseptkriterium.

Eventuelle tiltak og avbøtande tiltak skal innpassast i føresegnene til detaljreguleringsplanen og takast omsyn til ved utbygging.

Folkehelse:

Jobba på eit postmoltanlegg kan ha helsefordelar for tilsette, inkludert auka fysisk aktivitet, sosial interaksjon, økonomisk stabilitet, utdanningsmoglegheiter og eit samband til naturen. For å dra nytte av desse fordelane, er det viktig å ha trygge arbeidsforhold og støtte tiltak for fysisk og mental helse på arbeidsplassen.

Vedlegg til saka:

Planinitiativ

Forslag til utvida-plangrense

Prinsippøknad